

Forskrift om jakttid og døgnregulering av jakt etter grågås, Haram, Vestnes, Rauma, Sandøy, Aukra, Halsa og Smøla kommunar, Møre og Romsdal

Fastsett av Fylkesmannen Møre og Romsdal 17. juni 2012 med heimel i § 3 punkt 1 i forskrift 1. mars 2012 nr. 190 om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktsesongane frå og med 1. april 2012 til og med 31. mars 2017.

I

Det blir opna for tidlegare jaktstart på grågås i kommunane Haram, Vestnes, Rauma, Sandøy, Aukra, Halsa og Smøla med bakgrunn i forvaltningsplanar for grågås for desse kommunane.

II

Det blir opna for jakt på grågås frå kl 02.00 til kl 10.00 med følgjande avgrensing av dagar og innafor område med følgjande geografisk avgrensning fram til ordinær jaktstart 10. august.:

Kommunar	Dagar	Områdeavgrensing *
Haram, Vestnes, Rauma, Sandøy, Aukra og Halsa	26. juli – 9. august	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
Smøla	26. og 29. juli, 1. og 3. august samt 5. – 9. august	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
Smøla	5. – 9. august	Fire utmarksområde vist i kart som ligg ved forvaltningsplan for grågås på Smøla 2011 – 2016

* For område der det er forbod mot jakt i medhald av vern etter naturmangfaldloven eller naturvernloven, må det vere gitt dispensasjon frå verneforskriftene for at jakt skal vere lovleg.

III

Denne forskrifta tek til å gjelde straks, og gjeld fram til og med 31. mars 2017.

IV

Fylkesmannen kan endre eller oppheve denne forskrifta dersom det er naudsynt.